



Avskilta bil godt synleg i sentrum i Uskedalen. Slik vil vi ikkje ha det.

Uskedal utvikling oppmodar dei, som har avskilta bilar, om å skrota eller fjerna bilvraket. Den same oppmodinga går ut frå Fylkesmannen i Hordaland. Bilar som er avskilta og som ikkje fungerer, vert rekna som avfall og skal fjernast. Det kan gjerast med heimel i vegtrafikklova eller forureiningslova.

Det er skjemmande at avskilta bilar står i sentrum, på gardstun, langs vegen eller på elvekanten. Rett nok er mange bilvrak skrota og tekne bort dei siste åra. Det er gledeleg. Enno er nokre avskilta bilar godt synlege i landskapet. Eigarane vert med dette sterkt oppmoda om å fjerna bilvraka.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døsland